# Hardangerakademiet for fred, utvikling og miljø fortjener Hordaland Fylkeskommune sin miljøpris 2017

Fredelige konfliktløsninger, rettferdig utvikling og bærekraftig bruk av naturen er verdier som er eksistensielt nødvendige for vår fremtid. Ved hjelp av årelang frivillig innsats og tusenvis av dugnadstimer, er det nå etablert et fritt og uavhengig akademi i Jondal. **Hardangerakademiet for fred, utvikling og miljø** har bidratt til etablering av et tverrfaglig kraftsentrum med base i Jonatunet. **Hardangerakademiet** fortjener Hordaland Fylkeskommunens miljøpris 2017, som '*heider og stimulans for enkeltpersonar, lag og organisasjonar, bedrifter m.v., som har utmerka seg innenfor miljøvernarbeidet*'.

Jondal kommune ønsker å være en foregangskommune når det gjelder å finne konstruktive, konkrete løsninger på klimautfordringene og ordføreren er medlem i Klimaråd Hordaland. Ambisjonen er å bidra til en bedre fremtid med '**Store tanker fra små steder'.** 7- 10. juni 2017 samlet d**en internasjonale fremtidsforskerkonferansen WSFS Menneskeheten 2050,** framtidsforskere fra alle verdenshjørner i Jondal, for å sette fokus på tidens store utfordringer relatert til fred, utvikling og miljø.
Den gode kontakten med kommunens flyktningskoordinator ligger til grunn for en vellykket inkludering - til gjensidig glede.

Hardangerakademiets helhetlige satsing på bærekraftig utvikling, der praktisk permakultur kombineres med tverrfaglige teoretiske dialoger på høyt nivå, fortjener årets miljøpris!
Vi henviser til nettsiden www.hardangerakademiet.no og håper at dette samarbeidet mellom by og land når opp I konkurransen om blest og midler, som denne miljøprisen vil bety.

Med vennlig hilsen, i stort håp om positiv tilbakemelding
Susanne Urban, <susanne@urbanrabbe.no> susanne@urbanrabbe.no, tel: 55 56 00 96
(tidligere mottager av Hordaland fylkes miljøpris, som initiativtager til Bergen Bildelering)

**KORT BAKGRUNNSINFORMASJON:**

**JONATUNET, nordisk senter for fred utvikling og miljø, 5629 Jondal,** er base for Hardangerakademiet.
Jonatunet, et tuberkulose-sanatorium fra 1934, ble formelt overtatt i 2014. Nå er den 1500 m2 store trebygningen rehabilitert og tilpasset. Det har blitt mange seminarhelger siden den offisielle åpningen 2015. Det er over 15 år siden årlige tverrfaglige symposier begynte å bli skipet til, da i regi av Nordisk Fredsakademi. Programmet har samlet mellom 20 og 80 mennesker til forelesnings-og diskusjonshelger rundt mange ulike tema med fred, utvikling og miljø som utgangspunkt. Hardangerakademiet er nå et møte- og arbeidssted, et sted for læring, for kultur, for natur, et arnested for fremtidige løsninger. Prosjekter, seminarer, kurs, symposier og studiegrupper spenner over et vidt spekter av temaer på lokalt, regionalt, nasjonalt så vel som globalt nivå.

**PERMAKULTURHAGEN** er anlagt og den er helt fantastisk – jfr. vedlagte bilder/ avisomtale.

**SAMMENHENG MELLOM MILJØ- OG FREDSARBEID: Krig eller klode?**
**Krig og militarisme ødelegger miljøet.** Militære CO2-utslipp holdes utenfor klimaregnskap, og militærsektoren er i mange land unntatt fra innsyn og miljøreguleringer. Militarismen tilfører økosystemet skrap, tungmetaller, kjemiske gifter og radioaktive utslipp/partikler som forurenser luft, jord og vann. Miljøødeleggelsene skjer både i krig og i fredstid og foregår på militærbaser og industri- og testområder verden over. **En militarisert verdensøkonomi** ligger til grunn for enorm sløsing med ressurser.

Hardangerakademiet gir faglig oppdatering og inspirasjon for alle som ønsker å bygge en alternativ framtid.




# Asfalterer Trolltunga-veg

**I haust blir det asfaltering både i Skjeggedalsvegen og Mågelivegen.**

SYNNØVE NYHEIM
synnove.nyheim@hardanger-folkeblad.no
94033484

Mågelivegen frå Skjeggedal til Mågelitopp skal i haust asfalterast. Vegen vart opna for første gong i sommar, og Leif Stana i Mågelia Utvikling fortel om ein god sesong med full parkeringsplass på toppen.

– Vi har tent ein del på parkeringa, seier han.

Parkeringsavgifta er med på å finansiera vegen, som er til stor nytte for både hytteeigarar og dei som skal gå til Trolltunga. Vegen har og blitt «offisielt» startpunkt for gåande på Trolltunga-turen. For dei som vil køyra opp er det 30 parkeringsplassar tilgjengelege, og det er «førstemann til mølla»-prinsippet som gjeld. I år har vegen hatt midlertidig bruksløyve, men Mågelia Utvikling håpar på permanent løyve til neste sesong.

I same omgang skal også delar av Skjeggedalsvegen asfalterast. Ordførar Roald Aga Haug (Ap) fortel at dette i hovudsak dreier seg om området ved tunnelen, der det er ein del slaghol i vegen. Statkraft har tatt på seg å gjera desse utbetringane før kommunen eventuelt skal overta vegen etter vedtak i kommunestyret.



**MÅGELIVEGEN:** *Hyppig brukt av turgåarar.*

## Akademi med agenda

# Variert i Jondal

**Vegar til endring. Det er fyrste kurs i eit rikhalding haustprogram på Hardangerakademiet i Jondal. Her satsar dei både på teori og praksis. Og hentar inn førelesarar frå inn- og utland.**

METTE BLEKEN
mette@hardanger-folkeblad.no

Allereie no til helga tilbyr Hardangerakademiet for fred, utvikling og forsoning kurset i vegar til endring, både eigen, samfunnet og systemet sine.

I innbydinga står det at dette er eit framtidsførebuande kurs for engasjerte menneske. Her får ein hjelp til svar på spørsmålet: Korleis kan me endra oss sjølv og verda litt eller mykje - meir medvite og informert?

### Allsidig program i haust

I oktober er det mindfulness og permakultur som gjeld. Då inviterer dei til «Oppmerksomt nærvær» helga 13.-15 og til ei helg om «stabile produktive økosystemer og samfunnsreformer som er gode for menneska» i dagane 20.-22. oktober.

Fyrste helga i november er det søkjeljos på både vegar til fred og middelhavsmat. To veker seinare er det fram med symaskin for å laga nytt av gamalt.

### Kurs for kven?

*- Kva målgrupper har de for kurs og symposier ved Hardangerakademiet?*

- Me har stor spreiing i alder og bakgrunn, og alle som er interesserte i å læra og å utveksle erfaringar, tankar og tvil om fred, klima og miljø er velkomne. Det er stor variasjon i kursa som gjerne er praktisk lagt opp, og dei fleste passar både for unge og vaksne, seier rådsmedlem Susanne Urban.

Ho oppmodar folk i Hardanger til å kikka nærare på programmet. Og strekar under at det er trong for endring om dei som kjem etter oss skal arva ei berekraftig verd.

### 2018 er planlagd

Også 2018 er fargelagt med kurs og symposium under akademiet sin gode intensjonsparaply. Kurstema neste år er økologisk økonomi/kretsløpsøkonomi, berekraftig utvikling, økologisk landbruk, økosofisk naturnærvær, barndom - og praktisk jordbruk.



**GRØDERIKT:** *Hardangerakademiet held seg med eigen nytteveksthage.* FOTO: SUSANNE URBAN

Sommarsymposiet 28.-30. juli har Nytt frå austfronten - «untold stories» som overskrift.

Deretter vert det to fordjupingskurs: fred-utvikling-miljø sett ovanifrå som eit heile - og transcendmetoden.

### Hardangerakademiet

Akademiet, tidlegare «Nordisk Fredsakademi» er ein ideell organisasjon som sidan 2005 har halde årlege sommarsymposier. Tema har vore fredsspørsmål og korleis løysa små og store konfliktar gjennom menneskemøte, dialogarbeid og ikkjevaldelege middel.

Akademiet, som held hus på det opphavleg tuberkulosesanatoriet Jonatunet, sitt primære mål er fredsarbeid på alle plan. I hagen er det vekstar til både pryd og nytte, noko som kjem kursdeltakarane til gode når det vert diska opp på kjøkenet - gjerne i fellesskap.

# HF RETTER OM FOLKEMUSIKK

I vår førehandsomtale av konserten med Folkelokk på Skrivargarden på Hesthamar sist helg, kom me i skade for å blanda merittene til gruppene Folkelokk og Feleferd.

Det var gruppa Feleferd som var hyra inn for å vera med å markera Olav H. Hauge sin 109-årsdag på Haugesenteret i Ulvik tidlegare i haust, og som hadde fått utfordringa å tonesetja nokre av diktarhøvdingen sine flotte dikt. Folkelokk-musikar Eirin Tjoflot vikarierte for Feleferd sin Åshild Ljones ved dette høvet - og hadde og komponert Hauge-musikk.

All ære til både Feleferd, Folkelokk og musikalsk samarbeid. Og ein smekk til HF for å blanda korta.

## Fann stolen bil i Eidfjord

Politiet fann natt til tysdag ein bil i Eidfjord som måndag var meld stolen i Oslo.

– Bilen vart taua inn, og det blir gjort undersøkingar for å sjå etter spor, seier etterforskingsleiar ved Hardanger Lensmannsdistrikt, Per Helge Sekse.

Bilen vart funnen i vegkanten i Eidfjord.







